



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for helse og omsorg
Stad:	Myrvåg omsorgssenter, Myrvåg omsorgssenter
Dato:	13.10.2016
Tid:	14:00 – 18:00

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Knut Tandberg	Medlem	H
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP

Forfall:

Margaret Leinebø	MEDL	H
Linn-Therese Hansen Sævik	NESTL	KRF
Kaja Runde	MEDL	FOLK

Varamedlemer som møtte:

Solveig Helen N. Båtsvik	Linn-Therese Hansen Sævik	FRP
--------------------------	---------------------------	-----

Andre:

Leiar for avdeling for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Solveig Helen N. Båtsvik og Knut Tandberg

Orienteringar:

Omvisning og informasjon om tilboda ved Myrvåg omsorgssenter ved avdelingsleiarane Siv Jensen og Gry Dragsund Vike.

Leiar Inger Marie Tofthagen orienterte om tilbod i Herøy kommune for familiar i akutt krise.

Solveig Helene N. Båtsvik

Bjørn Otterlei
underskrifter

Knut Tandberg

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 37/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 38/16	Protokoll frå førre møte
PS 39/16	Framtidig helse- og omsorgsteneste i Herøy kommune
PS 40/16	

Referatsaker

	Referatsaker
RS 9/16	Korleis har di kommune prioritert å bruke pengane som skal styrke helsestasjon og skulehelsetenesta og gi barn og unge dei tenesten dei har krav på?

Orientering/drøfting:

- Informasjon om senteret og tenestene
- Kort orientering om tilbod i Herøy kommune for familier i akutt krise

PS 37/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 38/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 39/16 FRAMTIDIG HELSE- OG OMSORGSTENESTE I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Leiar Bjørn Otterlei fremja saka i møtet.

Komité for helse og omsorg ønsker at Helse og Omsorgstenestene i Herøy vert evaluert i samband med arbeidet med å finne kva innhald og form desse tjenestene skal ha i framtida.

Til å gjere dette ynskjer ein å nytte profesjonell kompetanse. For å velje ut kven som skal nyttast til dette må ein innhente anbod frå til eksempel Ressurssenter for Omsorgtjenester eller Telemarkforskning.

Leiar og nestleiar får fullmakt til, i samarbeid med rådmannen, å utarbeide anbodsdokumenta.

Komiteen ser for seg at ein gjer dette arbeidet i to omganger.

Fyrst bestemme kva innhald tjenestene skal ha, deretter finne den optimale tilpassing av bygningsmassene som skal romme Helse og Omsorgstenestene.

Samrøystes vedtak i Komite for helse og omsorg - 13.10.2016

Komité for helse og omsorg ønsker at Helse og Omsorgstenestene i Herøy vert evaluert i samband med arbeidet med å finne kva innhald og form desse tjenestene skal ha i framtida.

Til å gjere dette ynskjer ein å nytte profesjonell kompetanse. For å velje ut kven som skal nyttast til dette må ein innhente anbod frå til eksempel Ressurssenter for Omsorgtjenester eller Telemarkforskning.

Leiar og nestleiar får fullmakt til, i samarbeid med rådmannen, å utarbeide anbodsdokumenta.

Komiteen ser for seg at ein gjer dette arbeidet i to omganger.
Fyrst bestemme kva innhald tjenestene skal ha, deretter finne den optimale tilpassing av bygningsmassene som skal romme Helse og Omsorgstenestene.

PS 40/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tatt til vitande.

MØTET SLUTT!